



Alversund Maskinstasjon AS  
Buhaugen 6  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7393 - 15/7440

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
27.03.2015

## Dispensasjon og løyve til tiltak- gbnr 137/727 Alver - tørrmurar, port og gjerde

### Administrativt vedtak.

#### Vedtak 1

Med heimel i plan- og bygningslova §19-1 jf § 19-2 og grunngeving i saksvurderinga vert det gjeve dispensasjon frå byggegrensa mot veg i reguleringsplan for Ikenberget bustadfelt på følgjande vilkår:

1. Portsøyler, gjerde og murar som går meir enn 0,5 meter over vegbana skal plasserast utanfor frisisiktsoner vist på siktzoneplan datert 10.02.15, og **alle konstruksjonar skal plasserast minst 1 m frå vegskulder og frå grensa mot gbnr 137/351.**
2. Det skal sendast inn ny situasjonsplan som oppfyller krava i vilkår 1.

#### Vedtak 2

Kommunen gjev løyve til oppføring av murar, portsøyler og gjerde jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1) Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
- 2) Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
- 3) Tiltaket må utførast etter teknisk krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
- 4) Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søker formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.
- 5) Tiltaket skal utførast etter gjeldande reguleringsplan med føresegner og i **samsvar med vilkåra i dispensasjonsvedtaket ovanfor.**
- 6) Eigaren av eigedomen og ansvarlege føretak skal innordna seg reguleringsplanen med føresegner.
- 7) Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
- 8) Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10.

I dette vedtaket er det knytt følgjande særlege vilkår for at det kan verte gjeve bruksløyve/ ferdigattest:

- Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	1		Alversund Maskinstasjon AS	937664044	S
PRO	1	Uteareal og landskapsutforming	Alversund Maskinstasjon AS	937664044	S
UTF	1	Grunnarbeid og landskapsutforming	Alversund Maskinstasjon AS	937664044	S

### Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

-----

### Søknaden

som vart motteken 07.11.2014 og komplettert 02.03.2015, gjeld oppføring av tørrmurar, port med søyler og gjerde mot offentleg og privat areal.

Det er lagt fram samtykke frå eigarane av gbnr 137/727 til bygging i grensa og frå Lindås kommune pva Lindås tomeselskap AS til oppføring av mur 1 m frå grensa mot 137/351. Vegavdelinga har i notat datert 10.02.2015 med siktzoneplan, stilt krav om siktsoner i samsvar med plan, med litt lemping på krava ved tilkomsten til friområdet. Situasjonsplan datert 25.02.2015 ser ut til å oppfylla det meste av krava, bortsett frå gjerdesøyla ved vestre tomtehjørne, som kjem for nær nabogrensa og kommunevegen. Prosjekterande må difor gå nøye gjennom situasjonsplanen i forhold til vilkåra for dispensasjon.

### DISPENSASJON

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot kommunale vegar .

### Vurdering av dispensasjon:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (pbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Det skal leggjast særleg vekt

på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensera når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Dispensasjonen er av ein slik karakter at regionale planstyresmakter ikkje vert berørt, og saka vert ikkje sendt til uttale eller klagevurdering.

**Med dei endringar som er skissert** vurderer administrasjonen fordelane til å vera større enn ulempene, og omsyna bak reglane vert ikkje vesentleg sett til sides. Administrasjonen kan ikkje sjå at dei omsyna som byggegrensa i reguleringsplanen skal ivareta, blir skadelidande som følgje av dette tiltaket.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. **Søknad om dispensasjon vert godkjent på vilkår.**

### Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for **2014**. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Søknadspålyktige tiltak (Pbl§ 20-1)		Gebyr	
Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.5	Dispensasjon frå reguleringsplan	1	Kr 8 500,-
10.2.5	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg, pbl § 20-1	1	Kr 10.000,-
10.3.3 a)	Godkjenning av ansvarsrett sentral godkjenning	1	Kr 1.000,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>		<b>Kr 19.500,-</b>

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Annie Bratsberg Ones  
Vegavdelinga

Ikenberget 13 5914  
Her

ISDALSTØ



**Mottakarar:**

Alversund Maskinstasjon AS

Buhaugen 6

5911

ALVERSUND